

RAPPORT

FELLES KOMMUNESTYREMØTE SYKKYLVEN OG STRANDA KOMMUNAR

PROSESS OG MEDVERKNAD

ARBEIDET MED NY INTENSIJONSAVTALE OM KOMMUNESAMANSLÅING

Stranda kulturhus

Torsdag 27. juni 2019

Innholdsfortegnelse

Innleiing	3
Datagrunnlaget	3
Moment til intensjonsavtalen	3
Dei største utfordringane	6
Rådata	8
Oppgåve 1 - Kva for moment bør være med i intensjonsavtalen vår?	8
Oppgåve 2 - Kva vil være dei største utfordringane med å slå saman Sykkylven og Stranda kommunar?	10
Vedlegg – Presentasjonen til fylkesmannen	13

Utarbeida av: Erlend Krumsvik

Innleiing

I samband med arbeidet fram mot ein mogleg ny intensjonsavtale om kommunesamanslåing mellom Sykkylven og Stranda kommunar, har begge kommunestyra blitt involvert på eit tidleg tidspunkt for å kome i prosess og medverknad for arbeidet som ligg til forhandlingsutvala. Erfaringar frå tidlegare kommunesamanslåingsprosessar på Sunnmøre har vist at manglande involvering og medverknad frå alle folkevalde har vore ei utfordring for arbeidet.

Det felles kommunestyremøtet vart lagt opp som eit prosessmøte, der folkevalde frå begge kommunestyre vart blanda i arbeidsgrupper med deltaking frå ulike politiske parti. Formålet er både å bli betre kjende med partane sine perspektiv, samt kome i dialog med kvarandre. Det som kom fram frå gruppearbeidet er definert som vesentlege innspel, og det som ikkje har blitt nemnt er definert som uvesentleg/ikkje viktig.

Møtet starta med ein fagleg presentasjon av fylkesmannen, der rammetilhøva for vidare arbeid med kommunesamanslåing vart presentert. Fylkesmannens presentasjon er vedlagt denne rapporten.

Datagrunnlaget

Dei folkevalde frå begge kommunestyre vart blanda i sju arbeidsgrupper, der to oppgåver vart gjennomarbeida i møtet. Det var to spørsmål som vart stilt, og desse var som følgjer:

1. Kva for moment bør være med i intensjonsavtalen vår?
2. Kva vil vere dei største utfordringane med å slå saman Sykkylven og Stranda kommunar?

Gruppene tok ei runde rundt bordet, slik at alle folkevalde kom til orde. Kvart punkt frå enkeltpersonane vart notert på store flip-overark, og deretter jobba gruppa fram ei prioritert tilbakemelding. Dei viktigaste punkta er uteha, og fremma som gruppa sine viktigaste punkt. Summen av alle tilbakemeldingane gir arbeidet styrke.

Rådatagrunnlaget er i si heilheit med i rapporten, og ei strukturering av datagrunnlaget har blitt gjort for lettare oversikt. Lesaren av denne rapporten bør lese gjennom rådatagrunnlaget, då ulike politiske perspektiv kan gi utdypa eller anna forståing av det strukturelle oppsettet.

Datagrunnlaget gir ikkje svar til forhandlingsutvala, men viser retning og fokus.

Moment til intensjonsavtalen

Når ein involverer alle folkevalde, kan dei ikkje i etterkant kome med kritikk av ein framforhandla intensjonsavtale om at viktige moment ikkje er tatt med. Likevel vil ein på ulike tidspunkt i ein

prosess ha ulikt lys over arbeidet, noko som fordrar at dei folkevalde blir involverte ein gong til i prosessen.

Dei prioriterte punkta frå arbeidsgruppene var som vist nedanfor. Lista er ikkje rangert, men nummerering er nyttar for lettare å vise til punkt når dokumentet blir brukt i den vidare prosessen:

1. Korleis skal ein involvere innbyggjarane i prosessen (viktig for å kunne delta i prosessen).
2. Fokusere på kva som blir endra, informasjonsarbeid.
3. Korleis sikre utkantane?
4. Lokaldemokratiske utfordringar
5. Lokalisering av dei ulike tenestene
6. Klarheit i plassering/lokalisering av kommunale tenester.
7. Grovfordeling av fellestene
8. Lokalisering av strategiske funksjonar.
9. Servicepunkt i kvart «kommunesenter»
10. Vere på lag med næringslivet
11. Kommunal organisering (hjertet i kommunen)
12. Digitalisering
13. Sikre kommunalt eigarskap i kommunale selskap
14. Ivaretaking av dei tilsette og innbyggjarane
15. Dei tilsette sin rolle og deltaking i prosessen – skape trygghet.
16. Samferdsel (Hole-Engeset) Geiranger.
17. Tunell-løysing – staten må hjelpe til.
18. Samfunnsutvikling/Berekraftig
19. Helse: Må ha ein god helseteneste. Kan vere fordelar innan helse/sosial der vi kan kome styrka ut (barnevern, demens) Felles administrasjon for helse. Desentralisert tilbod.
20. Sikre gode tenester/og arbeidsplassar i heile «ny» kommune.
21. Tenesteproduksjon (ytelse)
22. Demografisk utvikling (tiltak)
23. Kva vil vi oppnå? Visjon
24. Felles mål og visjonar

Det totale datagrunnlaget er strukturert opp i kategoriar, slik at ein på ein betre måte kan få eit overblikk over kva fokus tilbakemeldingane har. Dei ulike punkta, og teksten som beskriver desse er ei subjektiv vurdering av datagrunnlaget. Det er derfor viktig at lesaren ser over heile rådatasettet, for å sikre at ein sjølv er samd med dei strukturar som kjem fram.

Nokre av faktorane kom fram utan av det var prioriterte punkt knytt til dei. Dette betyr ikkje at desse punkta er uviktige for enkelte folkevalde, men arbeidsgruppa har ikkje fremma faktoren som viktig.

Det er totalt 11 faktorar som var naturleg å knyt opp mot datagrunnlaget. To av faktorane, «Prosess» og «Organisasjon» er område som ligg til Fellesnemnda å jobbe med, og i den grad desse vedkjem intensjonsavtalen kan ein ikkje gå i detalj. «Samferdsel» og «Skatt og avgift» til dømes krev deltaking frå andre aktørar. Dei resterande faktorane er nærmare inn på arbeidet til forhandlingsutvala.

Kva som er viktigast eller ikkje, er ein politisk prosess. Utfordringa for forhandlingsutvala er å kome fram til ein omforeint avtale som det er forventa at begge kommunestyra vil gi sin tilslutning til.

Alle dei aktuelle faktorane er lista opp i tabellen på neste side.

Oppgåve 1

Kva for moment bør være med i intensjonsavtalen vår?

Kategori	Forklaring
Involvering	Korleis skal ein skal informere og involvere innbyggjarane i prosessen med kommunesamanslåing. Det er viktig med full openheit, god og nøytral informasjon. Ein må få fram kva som blir endra, og korleis ein sikrar utkantane. Dei lokaldemokratiske utfordringane må kome fram.
Lokalisering	Kvar skal ein lokalisere ulike kommunale tenester. Strategiske funksjonar og servicepunkt bør ligge i kvart «kommunesenter». Ei grovfordeling må kome fram i intensjonsavtalen.
Namn*	Kommunen sitt nye namn er viktig for å skape felles identitet. Dette bør kome tidleg i prosessen.
Næringsutvikling	Viktig at den nye kommunen blir på lag med næringslivet. Ein må utvikle ein ny næringsstrategi, og turismen i heile regionen må utviklast. Det blir eit spennande næringsliv dersom ein slår saman dei to kommunane.
Organisasjon	Kommunal organisering er viktig. Dette gjelder både organisering av dei eksisterande kommunale funksjonane, men også å harmonisere ulikeheiter mellom kommunane i dag. Ein må sikre kommunalt eigarskap i kommunale selskap, og ta tilbake nokre IKS frå andre kommunar. Viktig å ta tidleg tak i organiseringa.
Prosess	Det er viktig å ivareta dei tilsette og innbyggjarane i prosessen, og sikre at dei tilsette si rolle og deltaking skapar tryggheit. Her må ein ta med det beste frå førre intensjonsavtale.
Samferdsel	Tunell Hole-Engeset står fram som viktig i prosessen med samanslåing. Det er eit ynskje om at staten hjelper til. Kommunesamanslåing blir også oppfatta som eit kriteria for å realisere Storfjordsambandet.
Samfunnsutvikling	Kommunesamanslåinga må realisere utvikling og berekraft. Planstrategiar må samordnast, og forvaltning av naturressursane styrkast. Det er viktig at dei vidaregåande skulane utviklar seg, og at kommunen er attraktiv for ungdom.
Skatt og avgift*	Den ulike arbeidsgjevaravgifta mellom dei to kommunane i dag er ei utfordring. Det er eit ynskje om at den skal ligge på nivå med Stranda. Det blir fremja eit mål om å fjerne eigedomsskatten, medan ein samstundes ser nytta av den.
Tenesteproduksjon	Prosessen må styrke tenesteproduksjonen, særleg på helse, barnevern og demens. Denne må stå i forhold til den forventa demografiske utviklinga i den nye kommunen.
Visjon	Kva vil vi oppnå. Viktig å få fram felles mål og visjon, felles identitet.

*Kategorien har ingen prioriterte punkt frå dei folkevalde.

Lesarens eigen refleksjon er den viktigaste prosessen frå dette materialet.

Dei største utfordringane

Arbeidsgruppene vart utfordra på kva dei meiner er dei største utfordringane knytt opp til arbeidet med ei kommunesamanslåing. Det som blir definert som dei største utfordringane er noko ein tidleg i prosessen må ta tak i, slik at ein ikkje nyttar mykje tid på enkle detaljar som seinare forliser grunna for lite fokus på det som knip mest.

Dei prioriterte punkta frå arbeidsgruppene var som vist nedanfor. Lista er ikkje rangert, men nummerering er nyitta for lettare å vise til punkt når dokumentet blir brukt i den vidare prosessen:

1. I bygdelaga må dei vere trygge på at det ikkje går ut over bygdelaget. Må vere sikker på at ein ikkje blir nedprioritert.
2. Infrastruktur – stor avstand mellom ytterpunkt i den nye kommunen.
3. Store avstander – mange bygdelag
4. Geografi og samferdsel
5. Store geografiske avstandar
6. Organisering av kommunen/lokalisering
7. Samordning av arbeidsavtaler/lønn/oppgåver.
8. God nok informasjon ut til innbyggjarane og innad i organisasjonen.
9. Skape eigarskap i prosessen/informasjon
10. Engasjement – korleis skape?
11. Redsel/fare for å verte overkøyrd.
12. Tidlegare samarbeidsproblemer
13. Frykta for det ukjente
14. Økonomi – prioritering av investering
15. Skal vi få til ei samanslåing må staten hjelpe til med «Stranda-sats» på arbeidsgjevaravgifta + staten hjelpe til med tunellen.
16. Auke i arbeidsgjevaravgifta for Stranda. Negativt for arbeidsplassane.
17. Finne ein felles identitet – Vi-følelse (kommunenavn)
18. Skape tilhørighet

Erfaring frå tidlegare prosessar, og forsking på fusjon/samanslåing, har vist at det særleg er to forhold som er kritisk utfordrande. Desse er (1) tillit mellom partane, og (2) skape ny felles identitet.

Frå den tilbakemeldinga som er gitt av dei folkevalde, kjem begge desse to forholda til syne. Det er signal om at ein tidlegare har hatt samarbeidsproblem mellom kommunane, og at det kan være spor av manglande tillit. Graden av dette er ikkje gjort til kjenne, og truleg av ein svakare karakter då begge kommunestyre har gjort positivt vedtak om å gå inn i ein ny prosess.

Felles identitet vart utsett i førre runde med intensjonsavtalen, og då særleg på nytt kommunenamn. Det tek tid å tilpasse seg ein ny identitet, ein ny overbygning for fellesskapet, eit nytt ord som skal smake på leppene.

Nokre av faktorane som kom fram i denne tilbakemeldinga er også avhengig av tredjeparts involvering. Til dømes «Skatt og avgift» er ein slik faktor, særleg med fokus på ulik arbeidsgjevaravgift.

Alle dei aktuelle faktorane er lista opp i tabellen nedanfor.

Oppgåve 2

Kva vil vere dei største utfordringane med å slå saman Sykkylven og Stranda kommunar?

Demokrati	Demokratiet kan lide under lenger reiseavstandar for utkantane. Det kan også etablerast krinslister for ulike grender. Viktig å legge til rette for at kommunestyret fortsatt kan være representativt for heile kommunen.
Prosess	Viktig å få ut god nok informasjon til innbyggjarane og dei tilsette. Korleis skape engasjement, unngå redsel for å bli overkøyrd, og kva med tidlegare samarbeidsproblema og fordommar/manglande tillit? Kulturforskjellar og felles identitet er viktig å bygge opp. Kva har vi, kva taper vi?
Lokalisering	Det blir fleire utkantar, og nærheita til tenestene kan bli redusert.
Namn	Namn på den nye kommunen på kome tidleg i prosessen.
Organisasjon	Organisering av den nye kommunen er ei stor utfordring, som tek mykje arbeid. Fare for at det blir tap av arbeidsplassar. Kvar blir det nye kommunesenteret? Ulike driftsmodellar må harmoniserast.
Samfunnsutvikling	Prioritering av investeringar blir ei utfordring fram mot kommunesamanslåing. Grunna strukturendring som fylgje av demografiske endringar i befolkninga, kan «lokale arbeidsplassar» forsvinne. Det er viktig å styrke bu- og arbeidsmarknaden. Sikring og utvikling av vidaregåande skular er viktig.
Skatt og avgift	Det er viktig at ikkje arbeidsgjevaravgifta går opp. Det er eit ynskje om at staten sikrar «Strandanivå» for heile den nye kommunane, som eit stimuli til samanslåing. Det er også knytt utfordringar til harmonisering av eigedomsskatten.
Tenesteproduksjon*	I utfordring å ha likeverdige tilbud til alle. Må harmonisere sterke sider i begge kommuner.
Visjon	Viktig å finne ein felles identitet. Vi-følelsen må skape tilhørighet.

*Kategorien har ingen prioriterte punkt frå dei folkevalde.

Lesarens eigen refleksjon er den viktigaste prosessen frå dette materialet.

Rådata

Oppgåve 1 - Kva for moment bør være med i intensjonsavtalen vår?

Dei viktigaste punkta i gruppene har uteheva skrift.

- **Lokalisering av dei ulike tenestene**
 - **Gjeld administrasjon**
 - **Utøvande tenester eks sjukeheim, skule etc.**
- Korleis ein skal utvikle og sikre tenestene betre for innbyggjarane i felles kommune/kompetanse.
- Næringsutvikling i begge kommunane svært viktig (tiltak i felleskap). Vi er di dag svært sårbare.
- **Korleis skal ein involvere innbyggjarane i prosessen (viktig for å kunne delta i prosessen).**
 - **Tidleg i fasen. Tiltak på stå i avtalen.**
- **Dei tilsette sin rolle og deltaking i prosessen – skape tryggheit.**
- Kommune sitt nye namn viktig for å skape felles identitet. (Noko nytt) – tidleg i prosessen.
- Målretta jobb mot felles tunell Hole – Engeset (samferdsel viktig).
- Lengre vei til utkantane. (Samferdsel, Kommunikasjon innad i kommunen)
- Arbeidsgjevaravgift/eigedomsskatt??
- Den økonomiske situasjonen? Mål?
- **Tenesteproduksjon (ytelse)**
- **Samfunnsutvikling/Berekraftig**
- IKT/Digitalisering
- Kommunale arbeidsplassar/kommunale selskaper/Var organisering
- Vidaregåande skule
- Namn på kommunene?
- **Samferdsel (Hole-Engeset) Geiranger.**
- To små kommuner – blir ei større og kan løyse oppgåver ilag – større fagmiljø, helse, politi, barnevern.
- **Demografisk utvikling (tiltak)**
- Langsiktig planlegging
- Visjonar
- Politisk og administrativ toppleiring – org. Modell
- Fordeling av offentlige oppgåver og næring
- **Fokusere på kva som blir endra, informasjonsarbeid.**
- **Kva vil vi oppnå? Visjon**
- **Kommunal organisering (hjertet i kommunen)**
- Sammensetting av fellesnemnda.
- **Korleis sikre utkantane?**
- Kva blir avgifts-/skattenivået i ein samla kommune?
- Tilsette må vere med i prosessen.
- Tunell Hole-Engeset
- Prioritering av større økonomiske prosjekt
- Namn på ny kommune bør inn tidleg i prosessen.

- Vilkår vil vere at tunellen kjem på plass.
- **Klarheit i plassering/lokalisering av kommunale tenester.**
- Lokalisering
- Kommunikasjon infrastruktur
- «All-in»
- **Ivaretaking av dei tilsette og innbyggjarane**
 - Alle grupper i samfunnet
- God informasjon – faktabasert og nøytral
- Planstrategi – samordning
- Ta med det beste frå den gamle avtalen
- Folkerøysint skal utførast i begge kommunar
 - Ryddig, god, nøytral prosess
- Felles forventningar
- **Grovfordeling av fellestjenester**
- Tidleg start på samkøyring mellom kommunale kontor og enheter
- Økonomisk strategi
- Felles næringslivsstrategi
- **Lokaldemokratiske utfordringar**
- **Felles mål og visjonar**
- Berekraftig forvaltning av naturressursane
- Hvordan beholde ungdommen? Utdanning
- **Digitalisering**
- Må slå seg saman for å få realisert Storfjordsambandet
- **Tunell-løysing – staten må hjelpe til.**
 - Behalde dei 3 vidaregåande skulane – utvide tilbodet på dei vidaregåande skulane.
 - Felles arbeidsregion
 - Smelte saman administrasjonane til ein velfungerande ny administrasjon.
 - Bruke «gamle» intensjonsavtalen og heller revidere denne.
 - Arbeidsgjevaravgift bør vere som i Stranda i dag.
 - Visjon: Skaparglede og eit godt liv for alle.
 - Legevakt. Forbetre legevaktordningane.
 - Utvikle turismen i heile regionen.
 - Spennande næringsliv når ein slår saman dei to kommunane.
 - Målsetjing: Eigedomsskatt fjernast over tid.
 - Andre: Vi kan ikkje greie oss utan ein viss eigedomsskatt.
 - VAR må samordnast.
 - EL-verka må samordnast.
- **Helse: Må ha ein god helseteneste. Kan vere fordelar innan helse/sosial der vi kan kome styrka ut (barnevern, demens) Felles administrasjon for helse. Desentralisert tilbod.**
- Stranda/Sykylven kommune (namn)
- Det må gjerast ei samanslåing av ymse etatar.
- Rådhus: Sykylven
- Teknisk/Næring: Stranda
- Ei samanslåing vil gjere regionen meir attraktiv for ungdomen.
- Språket må sjølv sagt vere nynorsk.

- Samhandle om cruisebåttrafikken (Sykkylven sentrum, Stranda sentrum kan t.d. avlaste Geiranger).
- **Lokalisering av strategiske funksjonar.**
 - Rådhus, lege, teknisk, næring, helse.
- **Sikre kommunalt eigarskap i kommunale selskap**
 - Td E-verk hamnevesen, eigedomsselskap/bo
- Kommunenavn, sikre god prosess
- Infrastrukturer – tunell Hole- Engeseth
- **Sikre gode tenester/og arbeidsplassar i heile «ny» kommune.**
- Utarbeide kommunestruktur
- **Servicepunkt i kvart «kommunesenter»**
 - **Fordele etat/kompetanse ut ifrå kvar vi er god på. Større fagmiljø.**
 - **Digitalisering av oppgåver – effektivisere ein del av arbeidet.**
- Namn på kommunen
- Full åpenheit om alt
- Finne ein felles identitet
- Ta tilbake enkelte IKS frå andre kommuner.
- Utnytting av turismen (ski-trekk, felles tur-stier, cruise/hytte-turisten)
- Felles visjon – framoverlent.
- **Vere på lag med næringslivet**
 - **Næringsutvikling**

Oppgåve 2 - Kva vil være dei største utfordringane med å slå saman Sykkylven og Stranda kommunar?

Dei viktigaste punkta i gruppene har uteheva skrift.

- **Geografi og samferdsel**
- **Skape eigarskap i prosessen/informasjon**
 - **Gjeld tilsette, politikarar og innbyggjarar)**
- Demokratiet kan bli dårligare – «utkantane» har vanskar med å delta pga reiseavstandar.
- Tap av «lokale» arbeidsplassar – rasjonalisering.
- Nærheit til tenestene vert redusert.
- **Auke i arbeidsgjevaravgifta for Stranda. Negativt for arbeidsplassane.**
- Arbeidskrevjande prosess som tek mykje ressursar.
- Tilsette kan være motstandar i omstillingsprosessen. Ynskjer ikkje endringar, utrygge for arbeidsplassen sin.
- Namn på den nye kommunen. (Mykje førelsar)
- Demografi i folketallsutviklinga
- «Krinslister» politisk eks. ulike grender.
- Ein burde heller sjå på ei stor kommune for heile Storfjorden + Fjord kommune.
- Samordning
- **Finne ein felles identitet – Vi-følelse (kommunenavn)**

- Få bygdelaga i dei to kommunene til å ha tru på at det nye kommunestyret avhengig av bustad vil jobbe for ei utvikling i bygdelaga.
- Legge forholda til rette for at Kommunestyret framleis kan vere representativt for heile den nye kommunen.
- Namnet på kommune – tidleg i prosessen.
- **Infrastruktur – stor avstand mellom ytterpunktene i den nye kommunen.**
- At administrasjon og politikarar foår størst press på seg ift. Ei samanslåing – må orge å stå i det.
- **God nok informasjon ut til innbyggjarane og innad i organisasjonen.**
- Kommunenavn
- **Store avstander – mange bygdelag**
- Kulturuliheitene
- Tilhørighet
- **Økonomi – prioritering av investering**
- Arbeidsgjevaravgift
- IKT
- **Organisering av kommunen/lokalisering**
- VAR
- Nå fram med bodskap/informasjon
- Eigedomsskatt.
- Likeverdig tilbod til alle
- **Engasjement – korleis skape?**
- Fordommar/manglande tillitt?
- Stranda større geografisk utfordringar
- Gjeldsbelastning
- Frykt for rasjonaliseringar (arbeidsplassar)
- Sykkylven større demografiske utfordringar
- Frykt for draget mot Ålesund (for Stranda)
- Namn! (på ny kommune)
- **I bygdelaga må dei vere trygge på at det ikkje går ut over bygdelaget. Må vere sikker på at ein ikkje blir nedprioritert.**
- Enkelte arbeidstakrar vil kanskje søke arbeid andre plassar (ved geografisk plassering).
- Ei utfordring å samarbeide tenestene.
- Ei stor ulempe dersom arbeidsgjevaravgifta vil bli lik satsen i Sykkylven
- **Skal vi få til ei samanslåing må staten hjelpe til med «Stranda-sats» på arbeidsgjevaravgifta + staten hjelpe til med tunellen.**
- Det vert aldri eit Storfjordsamband utan at vi slår oss saman.
- Må ha lett samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane for å få trygghet for arbeidsplassane (evt. naturleg avgang).
- **Redsel/fare for å verte overkjørd.**
- Arbeidsgjevaravgift
- Harmonisering av eigedomsskatt.
- VGS – Skulestruktur GSK.
- Fordommar
- Fleire «utkantar»
- Kommunisere godt til innbyggjarane om samanslåinga

- Felles identitet.
- **Samordning av arbeidsavtaler/lønn/oppgåver.**
- Tap av arbeidsplassar m/fagkompetanse (t.d. kommuneadm, lærarar)
- Samordning av tiltaksprogram innen skule, helse, osv.
- Sterke/svake sider i den enkelte kommune.
- Kulturforskjeller
- Geografiske avstander
 - Heilårsferge Geiranger
- **Skape tilhørigkeit**
- Vidaregåande skule
- Styrke bo og arbeidsmarked
- **Tidlegare samarbeidsproblemer**
 - **Blanke ark, rydde unna.**
- Arbeidsgjevaravgift.
- Navnet
- **Frykta for det ukjente**
- Fordelinga av tjenester mellom de ulike delene av kommunene.
- Få realisert tunell Hole – Engeset pga økonomien til fylket.
- **Store geografiske avstandar**
- Hvor blir det nye kommunesenteret?
- Ulike driftsmodeller i kraftverka/VAR-området
- «Det e`fali det»
- Kjøttvekta
- Avstandar (sentralisering)
- Arbeidsgjevaravgift (hvist hele blir sone 1)
- Identitet
- Hva får vi/hva taper vi?
- Kommunale strukturer/hva etablerer vi, hva består?

Vedlegg – Presentasjonen til fylkesmannen

Felles kommunestyremøte

Stranda - Sykkylven

27. Juni 2019

v/ kst.fylkesmann Rigmor Brøste



Fylkesmannen i Møre og Romsdal



09.07.2019



Agenda

- Eit samfunn i endring
- Kommunestruktur i Møre og Romsdal
- Folketalsutvikling
- Utvikling i kommunesektoren mhp ressurser
- Fylkesmannens oppdrag fra Kommunal- og Moderniseringsdepartementet
- Fylkesmannens tiltak i Møre og Romsdal
- Økonomiske verkemidlar ved ei kommunesamanslåing



Eit samfunn i endring

Tidsbildete

- Mange utfordringar, t.d. demografi, kapasitet og kompetanse
- Stort tempo omkring digitalisering av viktige samfunns- og tenestestrukturar
- Stort tempo i endrings- og reformarbeidet i det offentlege Norge
- Viktig med heilskapleg samfunnsutvikling, berekraftig utvikling og strategisk planlegging




Fylkesmannen si tilråding – 7 kommunar





Nye kommunar i Møre og Romsdal Frå 36 til 26 kommunar i 2020

- **Ålesund** (Ørskog, Skodje, Haram, Sandøy og Ålesund)
- **Molde** (Midsund, Nesset og Molde)
- **Hustadvika** (Eide og Fræna)
- **Volda** (Hornindal og Volda)
- **Fjord** (Norddal og Stordal)



Status grensejusteringar, 19. juni 2019

- Liabygda i Stranda kommune til nye Fjord - **avslått**
- Bjørke og Viddal i Ørsta kommune til nye Volda - **godteke**
- Norddal og Eidsdal i Norddal kommune til Stranda - **avslått**
- Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem i Gjemnes kommune til nye Molde kommune - **avslått**
- Sandøy, Ona, Orten, Seterøya, Gåsøya og Lyngværet i Sandøy kommune til Aukra kommune – **delvis godteke**
- Nordmøre til Trøndelag - **32 likelydande søknader om grensejustering - avslått**
- Vågstranda frå Rauma til Vestnes kommune – **godteke**
- Åheim i Vanylven kommune til nye Stat kommune – motteke søknad – **sendt til KMD**




Kommunestruktur fra 1.1. 2020



Kan så ulike kommuner ha like oppgaver?





Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal 2008–2018



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Venta folketalsvekst i Møre og Romsdal 2018-2028

alternativ MMMM/SSB






Sammenligning 2008 – 2018 2018 - 2028




Venta folketalsvekst i Møre og Romsdal mot 2028 fordelt på aldersgrupper



Faglig utarming av kommunene



Faste årsverk i egen organisasjon 2016 Kilde: KMDs rådmannsundersøkelse 2016



Oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Fylkesmannen i 2019



- *Utdrage kommunane på om dei greier å oppfylla måla på kapasitet og kompetanse*
- *Utdrage kommunane på behovet for strukturendringar*
- *Stimulere kommunane til diskusjonar om kommunesamanslåing*
- *Etter valet:*
 - *God dialog med kommunane om Fylkesmannen sitt forhold til kommunane, all samhandling og utfordringsbildet i fylket*




Nye Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023



Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023

Vedteke ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019

Kommunal- og moderniseringsdepartementet





Regjeringa har lagt fram nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for perioden 2019 – 2023, vedtatt ved kongeleg resolusjon 14.05.2019

Publisert 16.05.2019



Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremme ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar, og skal leggast til grunn for statlege myndigheter sin medverknad i planlegginga.

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit **berekraftig** velferdssamfunn
- Å skape eit **økologisk berekraftig** samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvalting
- Å skape eit **sosialt berekraftig** samfunn
- Å skape eit **trygt** samfunn for alle



Det blir vidare referert til FNs 17 berekraftmål. Desse vil inngå som ein viktig del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.



Regjeringa sine forventningar:

Sitat:

« Kommunar som ikkje har slått seg saman, bruker planlegginga til å diskutere om dei har føresetnader til å møte utfordringane i framtida aleine, eller om dei bør slå seg saman med nabokommunar»

Berekraftig utvikling





Fylkesmannen sine forventningar:

1. God politikaropplæring er ein føresetnad! Alle kommunar har fått **kr 100 000** frå Fylkesmannen med krav om spesiell fokus på plan og bygningslova i opplæringa
2. Alle 26 kommunane utarbeider ein oppdatert **planstrategi** innan utgangen av 2020, jfr. PBL § 10-1
3. Alle kommunar utarbeider kommuneplan med **samfunnsdel og handlingsplan** innan utgangen av 2021.

Fylkesmannen si arbeidshypotese er følgande:

«Dersom nabokommunar har samanfall i tid med sine samfunnplanar vil kommunestyrane bli betre i stand til å vurdere alternative strategiar for å løyse utfordringane!»

Dette er eit tiltak for oppfølging av oppdraget fra Kommunal- og Moderniseringsdepartementet som gjeld kommunestruktur.

Overordna mål

Møre og Romsdal er ein tydelegare og sterkare region i det nye regionlandskapet

Resultatmål

1. Offentleg sektor i Møre og Romsdal er samordna og styrka i utøvinga av samfunnsutviklarrolla.
2. Det er utvikla forpliktande samarbeid og regionale fellessatsingar som styrker Møre og Romsdal.




Bakgrunn - utfordringsbilde

- Strukturreformer – nytt regionlandskap
- Samansette og sektorovergripande utfordringar
- Fagleg spesialiserte og geografisk fragmenterte statlege etatar

Møre og Romsdal 2025

1. Møteplassar
2. Regional planstrategi
3. Forpliktande samarbeid
4. Fellessatsingar, pilotar og prosjekt




Økonomiske verkemidlar hvis vedtak om samanslåing mellom Stranda og Sykkylven



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

27. Juni 2019





Økonomiske verkemidlar

- Eingangstilskot – standardisert modell
- Inndelingstilskot (15 år + nedtrapping over 5 år)
- Regionsentertilskot (kommunar som får meir enn 8000 innbyggjarar.)
- Støtte til utredning frå KMD
- Tilskot til informasjon og folkehøyring
- Skjønnsmidlar



Engangstilskudd ved kommunesammenslåing

Antall kommuner og innbyggere i sammenslåingen	0–14 999 innbyggere	15–29 999 innbyggere	30–49 999 innbyggere	Over 50 000 innbyggere
2 kommuner	25 mill.	35 mill.	40 mill.	50 mill.
3 kommuner	35 mill.	45 mill.	50 mill.	60 mill.
4 kommuner	45 mill.	55 mill.	60 mill.	70 mill.
5 kommuner	55 mill.	65 mill.	70 mill.	80 mill.



Økonomiske verkemiddel, 2019-tall

Kolonne1	Stranda og Sykkylven
Eingongstilskot	25 000 000
Regionsentertilskot (2019 sats)	3 964 652
Inndelingstilskot for 1 år (Basistilskot 2019 tall)	16 100 000
Støtte til utgreiing (KMD)	200 000
Folkehøyring	100 000
Skjønnnsmidlar Fylkesmannen (3 år)	1 000 000

- ”Når endringens vind bles, går nokon i dekning, mens andre går ut for å byggje vindmøller”.

KINESISK ORDTAK



